



Kontakt
Boligspesialisten
notar



Tysdag **Vikebladet**



SAUNESMARKA | ULSTEINVIK
700 19 880 • www.mobelringen.no

veke 44 - 29. oktober 2013

85. årg. nr. 114

V e s t p o s t e n

Laussal kr 20,-



TIL RØTENE

Side 2 og 3



FEKK IKKJE FRITAK

Side 6



KATTAR TRUGAR FUGLANE

Side 15



RUND-BALLE-SYN

Side 15

Opprykksfeber



BILDET: frå v.: Jonas Ingebrigtsen, Fredrik Aursnes og Sivert Heltne Nilsen feira mål mot Follo med ein versjon av fugledansen. FOTO: PER WERKLAND

Søndag kan Hødd vere tilbake i Tippeligaen, 18 år etter at dei sist rykte ned. Hødd set opp seks bussar til den avgjerande bortekampen mot Mjøndalen. Truleg får Hødd støtte av fleire hundre bortefans på tribunane.

Sporten

Fullt hus og stormande jubel

Hanne Krogh og Ålesund Operakor fylte Sjøborg søndag - med musikkperler på ei lang snor.



Side 7

Sentralbord **70018500**

SEND OSS NYHEITSTIPS PÅ:
redaksjon@vikebladet.no

Kveldsvakt **41651134**



Denne veka:
Ingvild Aursøy
Måseide



Nils Lund stod for dei visuelle effektane under konserten. Vakre og stemningsfulle bilete på storskjerm tok publikum med til havet, til New York, Irland og Italia.

Tok oss til havet

Det var fullt hus og stormande jubel då Hanne Krogh vitja Sjøborg kulturhus sundagskvelden.

Ingvild Aursøy Måseide
ingvild@vikebladet.no

Gjennom framsyninga "Ta meg til havet" tok Hanne Krogh publikum med på ei reise i tid og rom. Ho gjekk tusen år tilbake i tid, før Noreg var Noreg. Ho var innom vikingane som drog ut og mot vest. Ho var innom sjømannsdraumar og sjømannsdaude. Ho hylla sterke kystkvinner og modige sjømenn. Eit Noreg i fattigdom og ein nasjon som voks fram. Ho tala om andre verdskrigen og krinsa seg inn på forfedrane sine. Me fekk høyre historia om morfaren hennar og om korleis foreldra hennar møtte kvarandre i Brooklyn.

Hanne Krogh er flink til å fortelje historier. Og ho hadde med seg mange dyktige musikarar og songarar på scenen. Ålesund Operakor og dei tre tenorane Thomas Ruud, Jan Erik Fillan og Halvard Djupvik stod for vakker og mektig song. Musikarane Stein Auste-rud, Tarjei Nysted og Knut Ingolf Brenna var svært dyktige og allsidige musikarar som trakterte mange stilar og instrument.

Hanne Krogh reiste ikkje berre i tid, men også i rom. Me fekk historier og vakker musikk frå Italia, Irland og USA også.

Gratulerte med Hødd

Hanne Krogh hadde fått med seg



Hanne Krogh uttrykte glede over at Hødd vann kampen tidlegare på sundagen. Kanskje det var difor ho var kledd i ein blå kjole?

at Hødd hadde slått Follo 2-0 tidlegare på dagen. Tidleg i konsert tok ho seg tid til å gratulere publikum med sigeren, noko ho fekk stor applaus for. Ho sa at det hadde vore morosamt om Hødd rykte opp.

Songarinna fortalde at mannen hennar, som arbeider i VG, dekte 11 kampar på Høddvoll første sesongen han var sportsjournalist. Han fekk med seg 11 bryllaup på Ulstein Hospits.

– Han får alltid ei eiga glød i blikket når han snakkar om Ulsteinvik og Hødd, smilte Krogh.

Forankring

Hanne Krogh var oppteken av forankring og korleis staden me kjem ifrå sit i kroppane våre og set ramma for korleis me opplever verda og utviklar oss. Det er viktig å kjenne seg sjølv og si eiga historie for å bli kjent med andre, meinte ho. Ho song ein song til

Haugalandet, der ho stammer frå og røpte at ho snakkar haugesundsk inni sjela si.

Heider

Under konserten vart ein koredlem i Ålesund Operakor heidra for lang og tru teneste i koret. Heile førti år har Kolbjørn Kildehaug vore med. – Å syngje i kor er det sunnaste ein kan gjere. Dei som syng i kor er blidare og friskare, hevda Krogh.

Mange perler

Det er vanskeleg å plukke ut eit høgdepunkt i konserten. Perlene kom som på ei snor. Anten det var opera, klassiske crooners, korsong eller viser, var det kjent stoff som vart meisterleg framført. Og det er kanskje det eg har å utsetje på konserten. Det vart litt for mange svisker og publikumsfrieri. Der kunne godt ha vore i alle fall ein song som gav publikum litt motstand.



For å live opp operasjonen tok musikarane til å klaske rytmen på magen.



Dale
VINDU & INTERIØR

DALEVINDU.NO ☎ 70 07 44 99
Vi prosjekterer leverer og monterer

Vi har
300
vindu
på lager i Ørsta!



**VINDUSSPROSSER OG GJERDER
100% VEDLIKEHOLDSFRIE**



Steinar Thorsen
Tlf: 900 51 890

- Gjennomfarget, frostsikker og lysekte vinyl
- Endrer ikke farge eller fasong. Lengst erfaring
- 30 års garanti på sprosser

Vi kommer gratis hjem til deg med gode råd og løsningsforslag.
Ring **GRATIS: 800 80 488**
www.fasadeprodukter.no



Fasade
PRODUKTER
SOLSKJERMING – GARASJEPORTER
Fasadeprodukter of Norway